

Brandal Båtlag
v/ Odd Arild Brandal
Brandalsvegen 3
6062 Brandal

Brandal 8.august 2013

Hareid kommune
Plan, utvikling, byggesaker geodata
Rådhusplassen 5
6060 Hareid

Merknad til SalMar Organic AS sin søknad om dispensasjon frå Kommuneplanen, sak 2013/638

Brandal Båtlag er ein organisasjon som organiserer alle båteigarane i Brandal. Alle flytebyggjer i Brandal hamn vert organisert og drivne av laget. Per dato har vi 58 flytebyggjeplassar i Brandal hamn. Vi samarbeider med kommune og kystverk.

Brandal Båtlag har følgjande merknad til søknaden:

Det planlagde fiskeoppdrettsanlegget har store dimensjonar og ligg svært nær sentrum i Brandal. Med dei teikningane som er lagde fram, vil i praksis området frå Brandal hamn og til Klombraodden verte sperra for ålment fiskeri på grunn av forankringssystemet til oppdrettsanlegget - langs ei strandline på om lag 2 km. All bruk av snøre, garn, liner og anna faststående reiskap vil i praksis verte umogleg fordi det vil komme i konflikt med det store forankringssystemet til anlegget. I tillegg er det strenge restriksjonar på fiske nær alle oppdrettsanlegg. Kjerneområdet for fiske i Brandal vil difor verte rasert dersom denne utbygginga kjem i stand.

Området frå Brandal hamn og utover mot Kvitneset er det viktigaste fiskeområdet for ålmenta i Brandal - og også for mange frå Hareid. Her kan det fiskast i stort sett alt slags ver fordi det ligg skjerna frå storhavet. Området utanfor Kvitneset er mykje meir utsett for naturkreftene.

Brandal Båtlag vil difor på det sterkaste protestere på så store inngrep i gamle hevdvunne rettar. Vi vil be politikarane i Hareid om å seie nei til søknaden frå SalMar Organic AS om dispensasjon frå den nyleg rullerte kommuneplanen.

Med helsing

Brandal Båtlag ved

Odd Arild Brandal

-formann-